



NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Personopplysninger
Navn TOMAS SEIM
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? <input type="checkbox"/> Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202320330	Sakstittel Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Høringsuttalelse til NVE: Lyse Kraft DA sin konsesjonssøknad om opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraftverk (RSK)
Røldal-Suldal kraftverk (RSK) medfører i dag betydelege negative konsekvensar for området, både for natur, miljø, friluftsliv og befolkning. Eg forventar at eksisterande negative konsekvensar blir grundig belyst og gjennomgått i samband med revidering av konsesjonsvilkåra.
På toppen av belastninga RSK medfører for Røldal og omegn i dag, ynskjer Lyse ei storstilt utviding av dagens anlegg, som vil medføre ytterlegare negative konsekvensar for miljø og samfunn. Dette inneber mellom anna: <ul style="list-style-type: none">•Etablering av ei rekke store deponi, som vil medføre forureinande avrenning til vassførekomstar og gi store sår i landskapet.•Auka anleggstrafikk i pressa og sårbare naturområde, samt i bebygde område, som medfører betydelege klimagassutslepp og forureining.•Regulering av Holmavatnet ned 5 meter, som vil påverke dyreliv og friluftsliv negativt.•Raskare vassstandsendingar, som vil føre til endå meir uforutsigbar vassstand og medfølgande negative miljømessige konsekvensar.•Forstyrning av raudlista artar som til dømes villreinen, og spreining av uønska artar.•Auka energiforbruk og forureining både i anleggsfase og i drift ved bruk av pumpestasjonar.

Lyses konsesjonssøknad gjev ikkje eit tilstrekkeleg bilete av dei negative konsekvensane for innbyggjarar og miljø, samstundes som dei positive konsekvensane tilsynelatande er overdrevne. Ulempene i forbindelse med utvidinga er så mange og så store at det ikkje er formålstenleg å belyse alt dette i eit enkelt høyringssvar, men eg vil ta for meg ei sak som er spesielt viktig for meg i denne samanhengen. Det gjeld rovdrifta av Røldalsvatnet, og ikkje minst planane om eit deponi med sprengstein som vil forverre tilhøva i og rundt vatnet ytterlegare.

Røldalsvatnet er i dag som kjent regulert 17 meter, og det er truleg ingen andre tettstader i Noreg som har eit regulert vatn med tilsvarande svingningar liggande rett ved. Dette medfører eit enormt og sjenerande sandbelte langs vatnet, og er det første som møter tilreisande frå aust og vest. Det er eit trist syn i eit område som ellers er omkransa av spektakulær natur, og som samstundes har eit stort og aukande besøkstal med naturglade turistar frå inn- og utland.

No planlegg i tillegg Lyse eit enormt deponi i og ved Røldalsvatnet med forureina tunnelmassar, som vil dekke eit område på 55 dekar. Lyse hevdar at eit volum på 450 000 m³ sprengstein skal deponerast, som vil gje ein gjennomsnittleg høgde på deponiet på opp mot 10 meter. Området vil ruve i landskapet som eit enormt grustak, og dekke halve strandlinja langs Røldalsvatnet. Truleg vil tilgangen til dette viktige rekreasjonsområdet bli kraftig redusert i lang tid framover, der turløyper og skiløyper vil måtte sperrast. Ein treng heller ikkje mykje fantasi for å førestille seg korleis dette vil sjå ut i tiår etterpå. Dette er i tillegg berre eitt av mange planlagde deponi i samband med utbygginga.

Endå verre er det at deponiet er planlagt plassert rett ved drikkevasskjelda på Kalvsøyna, samt delvis ut i sjølve Røldalsvatnet. Sjølv om Lyse hevdar at deponiet vil liggje utanfor den mest sårbare sona for grunnvassforureining, er det framleis ein åpenbar risiko for at avrenning av miljøgifter frå deponiet kan forureine både drikkevasskjelda og Røldalsvatnet.

Konkret forventar eg følgjande frå NVE:

- NVE bør avvise planane om deponi ved Røldalsvatnet. Befolkninga sin tilgang til reint drikkevatt, samt viktige natur- og rekreasjonsområde må prioriterast.
- NVE må setje strenge krav til at Lyse benyttar seg av nullutsleppsløysingar i tråd med SVV sine ambisjonar for utbygging av tunnel mellom Seljestad og Haukeli.
- NVE må vurdere samfunnsnyttan av utvidinga av RSK: Lyse gjev ein lite truverdig beskriving av korleis opprustinga vil bidra til samfunnsnytte. Ifølgje søknaden vil utbygginga føre til eit netto tap av energi pga energikrevjande pumping av vatn oppstrøms. Lyse forklarar tiltaket med behovet for auka effekt, men dette er ei svært tynn forklaring. Det er openbart for dei fleste at dette først og fremst handlar om å auke Lyses forteneste per kWh seld.
- NVE må setje krav som bidrar til bærekraftig utvikling i Røldal, både for økonomi, samfunn og miljø.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annan relevant inforamsjon

Vedlegg bilder